



Vigdis Gammelsæther og Chris Fossli står fram og ynskjer Noregs høgaste klatretårn plassert i Uskedalen.

På eit ekstra tildelingsmøte i SpareBank 1- stiftinga i dag vart Uskedal Idrettslag ved Klatregruppa løyvd 2 mill. kr til det som kan verta Noregs høgaste klatretårn. Steinar Haugland, Chris Fossli og Vigdis Gammelsæther presenterte prosjektet som har eit liknande tårn i Åndalsnes som modell.

Prosjektgruppa er klar for å engasjera arkitektfirma LALA frå Oslo. Med ei høgde på 22 meter vert tårnet i Uskedalen det høgaste i landet. Klatretårnet er ein del av eit planlagt klatresenter i Uskedalen, eit senter med mange og ulike aktivitetar ute og inne.

Chris Fossli og Vidis Gammelsæter fortale begge om kvifor dei med familiane sine valde å flytta til Kvinnherad. Det avgjerande var naturen og den attraktive kommunen å bu og flytta til. Senteret vil ha fleksible opningstider der brukarane kan koma og gå heile døgeret. Fjella i Uskedalen er internasjonalt kjende, men likevel underprofilerte i turistsatsinga.



[Steinar Haugland i klatregruppa fortalde om bakgrunnen og om dagens aktivitet.](#)

Steinar Haugland fortalde om aktiviteten i Hallen i dag med 50 brukarar i aldersgruppa 16 - 30 år som har tilgang ein gong i veka. I tillegg kjem alle borna. Aktivitetane gjer at ein veks seg ut av hallen og ein treng noko meir og større.

Prosjektgruppa takka for den store gåva. No er alt klart for vidare planarbeid fram mot eit prosjekt av nasjonal klasse. Frå før har Kvinnherad kommune løyvd kr. 154.000,- til prosjektering.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal